



75. årgang - nr. 4. 2019. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



Juleverksted



For en fest, for en jubel,
for en 100-åring!
s. 4-8



Tryggheim-elev anno
1937-38
s. 9-10



Mot rikare mål og tråd
s. 16

«UTEN YRKESFAG STOPPER NORGE»

Sitatet over slo mot meg ein haustdag på sosiale medium, formidla gjennom eit bilete av ei mekanikarhand med ein fastnøkkel. Delt ikkje mindre enn 13.000 gonger, stod det.



Liedutvalgets besøk i OECD, Paris, ga mange konstruktive innspel, ikkje minst gjennom møte med representantar frå Nederland, Sveits og Finland.

Gjermund Viste // Rektor

Yrkesfag er tidvis svært populært. På fleire skular var det i haust eit yrkesfagleg utdanningsprogram som hadde høgast inntakskrav. Hjå oss var det Helse- og oppvekstfag, på ein naboskule Elektrofag. Det er gledeleg at 51 % av 10.-klassingane hausten 2019 søkte seg til yrkesfaglege utdanningsprogram. Noreg treng gode og dyktige fagarbeidarar. Ifølgje både NHO og LO er anbefalinga: Viss du vil ha sikker jobb og kome deg raskt ut i arbeidslivet, bør du velje yrkesfag.

Liedutvalget

Eg har hatt det privilegium å få vere med i Liedutvalget, eit utval som har sett på struktur og innhald i vidaregåande opplæring. Hovudinnstilling blir overlevert kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner 17. desember. Her kjem det mange gode forslag til høgare gjennomføring og ei betre vidaregåande opplæring når det gjeld struktur, organisering og fagsamansetning.

Verdigrunnlaget – overordna del

Opplæring i norsk skule skal byggje på verdiane i formålsparagrafen og opne dører mot verda og framtida for elevane. Eitt av punkta i ny overordna del under verdigrunnlaget er «Skaparglede, engasjement og utforskartrong».

Skulen skal stimulere og vidareutvikle elevane sitt vitebegjær og skaparkraft. Forsking, kultur, kunst og entreprenørskap er område for utvikling av kunnskapar og ferdigheiter.

Dette gjeld og i stor grad yrkesfaga. Her får mykje kreativ og innovativ kompetanse utfalde seg. Ungdommane gler seg til noko heilt nytt ved inngangen til vidaregåande opplæring. Dei får endeleg velje utdanningsprogram og får arbeide med programfag som kan bli ein del av eit framtidig yrke. Dette skaper både motivasjon og lærelyst.

Behov for fagarbeidarar

Vi vil alltid ha behov for handverkarar og helsearbeidarar. Skuleeigarar gjer ein grundig jobb med å dimensjonere for framtidige behov. Her må elevane sine primærønske vegast opp mot behov i næringslivet. Det er inga enkel berekning. Nokre fag har svingande konjunkturar, og det er vanskeleg å føresjå kva bransjen treng fire-fem år fram i tid, når neste årskull er utdanna.

Myndighetene må og prøve å bremse lekkasjen av potensielt gode fagarbeidarar. Det som skulle vere ein av styrkane ved Reform -94, ein yrkesfagleg veg til studiekompetanse, har og vist seg å vere ei svakheit. Om lekkasjen frå

yrkesfaglege utdanningsprogram blir for stor, vert det ei svakheit i strukturen.

For å unngå at Noreg stoppar opp, må det sikrast nok fagarbeidarar i framtida. Det kan skje gjennom styring både lokalt og nasjonalt. Det er vidare viktig å gje fagarbeidarane all den positive merksemda dei fortener. Vi treng solide og inspirerande rollemodellar og i desse viktige yrka. Tryggheim får og vere med på å utdanne dyktige fagarbeidarar med gode verdiar og haldningar.

Det er mykje å glede seg over. Talet på lærekontraktar har auka dei siste åra. I 2017 blei det teikna 21.500 lærekontraktar, og i 2018 endå fleire, ca. 22.000 - det er fantastisk! Europa og Norden legg faktisk merke til dette, og det er stor interesse for kva Noreg får til her.

Undervisning, evangeliet og misjonsengasjement

I tillegg til overordna del er Tryggheim tufta på eit kristent verdisyn. Vi skal gje ungdom undervisning som set dei i stand til å ta i bruk evner og anlegg til beste for sine medmenneske. Vi ønskjer ei tydeleg kristen forankring for å vekke og styrke kristent liv hjå elevane. Samtidig skal skulen ha ein fagleg kvalitet som svarar til dei offentlege skulane.

Meningsfullt

Anne Moi Vigdel // Lærer, Helse- og oppvekstfag

Jeg var så heldig å få være med elevene til Israel i høst. Et av høydepunktene for min del, var å få være på hyrdemarkene. Det er spesielt å stå der og tenke på at her fikk gjeterne det gode budskapet. Gjeterne hadde en lite akttet jobb, og stod nederst på rangstigen. Rundt dem var det helt mørkt, med bare litt lys fra et bål. Men dette endret seg plutselig da himmelen lyste kraftig opp, og en engel viste seg og sa:

«Frykt ikke! For se, jeg forkynner dere en stor glede – en glede for alt folket. I dag er det født dere en frelser, som er Messias, Herren – i Davids by», Lukas 2,10-11.

Og plutselig ble hele himmelen lyst opp og engler lovpriste Gud og sa: «**Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden, i mennesker Guds velbehag**», Lukas 2,14.

Profetier gikk i oppfyllelse! Hyrdene gikk og fant Jesusbarnet i stallen, og ble de første til å møte Ham. Noen dager senere, fortsatt i Lukas 2, møter vi Simeon i tempelet.

Han var blitt lovet at han skulle få møte Herrens Messias før han døde. Simon vet med en gang han får Jesusbarnet i armene, at dette barnet er Messias. Han sier:

«**Herre, nå kan du la din tjener fare herfra i fred, etter ditt ord, for mine øyne har sett din frelse**», Lukas 2,29.

Jesus vil møte alle som ønsker å ta imot Ham som sin frelser – har du møtt Ham?

Du ser kanskje Jesus som barnet i krybben, med hyrder på marken og vismenn på kne, med stjerner som stråler og engler som synger, gir stemningsfull glede og budskap om fred.

Men har du sett Jesus som lider på korset, som soner for din skyld, som lindrer din nød, og har du sett Jesus som står opp av graven, gir håp om et nytt liv og seier over død?

- Jan Byfuglien 1979, Sangboken nr. 150



Tryggheimhelsing

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Henrik Foss
Knut Handeland
Bjørge Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk og layout:
Synkron Media, Birkeland

Årets julegave

Jubileumsboken «Mot høgare mål» kan kjøpes direkte fra Tryggheim. Prisen er kr. 349,- pr. bok og 399,- pr. bok inkl. frakt. Ved kjøp av flere bøker er prisen kr. 249,- fra og med bok nr. to, og fire bøker selges for kr. 1000,- ved henting/1100,- ved sending.

Ring inn bestilling på tlf. 51 79 80 00, send e-post til post@tryggheim.no, eller kom innom resepsjonen!



For en fest, for en jubel, for en 100-åring!

Lørdag 19. oktober 2019. Den store finalen - jubileumsfesten som den siste av i alt åtte jubileumsarrangementer – en feiring vel verdt en livskraftig 100-åring!

Tekst: Anne-Berit G. Aanestad

Foto: Tårn Helge Helgøy

Ivrigte festdeltagere

Selv om de første gjestene var tidlig ute, var både jubileumskakene og kaffen klar når de kom. I biblioteket, som for anledningen var gjort om til utstillingsrom, kunne de fremmøtte ta en titt på elevbilder helt tilbake til 1919, se gamle filmer fra skolehverdagen og studere tidligere tiders undervisningsmidler og -bøker.

Hilsener til en viktig 100-åring

Møtesalen og gymsalen ble fylt, om ikke til siste, så i alle fall til nest siste plass. Rektor Gjermund Viste og studieleder Anne Lise H. Flatebø ønsket velkommen, før salen stemte i med «Tryggheimsangen», skrevet av selveste Trygve Bjerkrheim i 1938 til melodi av Ole Ledang. Deretter kom den ene prominente personen etter den andre opp på talerstolen for å frembringe sine hilsener til 100-åringen.

Ordfører i Hå, Jonas Skrettingland, og rådmann Anne Berit B. Ims overrakte gaven fra kommunen, et artig maleri med tittelen «Skywalker» signert Forberg.



Jørgen Baksas var kveldens kapellmester.

Fylkesordfører Solveig Ege Tengesdal, assisterende utdanningsdirektør hos Fylkesmannen, Hallgeir Bø, hovedstyreformann Raymond Bjuland, regionleder Kolbjørn Bø, formann i skolestyret Bjarte Ydstebø og leder for NLMs skoleseksjon Torleif Belck-Olsen hadde alle mye godt å si om jubilanten. Regjeringen var representert ved landbruks- og matminister Olaug Bollestad, som bl.a. påpekte at det viktigste elevene kan lære er å ikke være seg selv nok, og at viktigere enn gode karakterer er det å bygge karakter.

Like aktuelt i dag

Anne Birgitte L. Bøe og Dagfinn Egeland sang både solo og duett før kveldens festtaler, generalsekretær i NLM Øyvind Åsland, fikk ordet. Han trakk linjene fra vekkelseskristendommen og forkynnelsen av et fritt evangelium på begynnelsen av 1900-tallet og frem til i dag. «Hadde Sven Foldøen vært her i dag, hadde nok kultursjokket vært stort», sa Åsland, «men budskapet om at du får komme akkurat slik du er, er like aktuelt og fantastisk å få møte unge mennesker med i 2019».

Da vi styrte Tryggheim

Lærer Eli Bjuland hadde invitert fem tidligere lærere og rektorer til en hyggelig sofasamtale. Hun hadde blant andre fått med seg Kirsten L. Gausland, lærer fra 1982-2019 og initiativtaker til omleggingen fra folkehøyskole til videregående skole, og Asbjørn Nordgård, rektor fra 1993-2002.

Det ble mye humoristisk mimring, og det kom nok frem noen historier og beskrivelser av hendelser som kanskje ikke så mange har visst om før.

Servering på skinner

Så var det klart for mat, og hvordan kjøkkenet klarte å organisere serveringen til de mange hundre fremmøtte, var kanskje det som imponerte flest. Tallerkener med gryterett, ris og salat kom frem som perler på en snor, og når kaffekanner, saftmugger og sjokoladeskåler begynte å bli tomme, kom det straks nytt påfyll.

Lise Særheim, lærer på Tryggheim vgs, og Anne Sirevåg, sekretær på Tryggheim usk, står klare til å servere jubileumskake (Foto: Anne-Berit G. Aanestad).



De pensjonerte lærerne Kirsten L. Gausland og Aud Borgny Thorsen og tidligere rektor Asbjørn Nordgård hadde mange artige minner å dele under sofasamtalen.



Ryfylke livsgnist gjorde stor stas på Sven Foldøen som tok initiativet til skolen for 100 år siden – eller kom ideen opprinnelig fra kona hans?



Tor Øyvind Skeiseid fra Ryfylke livsgnist gjorde stor lykke som Sven Foldøen.



«Ved å sende barna til en friskole gir man dem en mulighet til å ta egne valg», sa landbruks- og matminister Olaug Bollestad.



Ryfylke Livsgnist – Vi strekker oss lenger enn langt

Det mange hadde sett frem til som kveldens høydepunkt var forestillingen 'Vi strekker oss lenger enn langt – med skråblikk på Tryggheim gjennom 100 år'. Og Ryfylke Livsgnist, der de tre aktørene Tor Øyvind Skeiseid, Svanhild Eggebø Spanne og Arne Nordbø spilte alle rollene fra Sven Foldøen til Gjermund Viste, skuffet ikke. Her var det skråblikk på det meste. Mannsdominansen i oppstarten – men det stod nok kvinner bak, røykeforbudet på 30-tallet som ikke gjaldt elever som allerede hadde røkt en stund, forventninger til «lærerkonene» på 50- og 60-tallet og støyen rundt dans i gym-timene på 90-tallet. Dagens rektor ble også grundig parodiert, og innimellom ble noen av poengene frembragt gjennom nydelig sang av Svanhild. Det var kort mellom latterbrølene hos publikum, og da det hele toppet seg i et ikke-planlagt virvar av mikrofoner og ledninger når rektor skulle takke de dyktige artistene, stod stemningen omtrent i taket.



Tidligere lærere og rektorer minnes hvordan det var «da vi styrte Tryggheim».



Det var nok ikke alltid like enkelt å komme som ny lærer inn i et veletablert internatskolemiljø.



Kretsformann Brynjulv Mugaas, alias Arne Nordbø, var svært uenig med Sven Foldøen, alias Tor Øyvind Skeiseid, i at Kinamisjonsforbundet burde starte skole i Rogaland.



Mange elever var i sving under matserveringen.

Vi takker alle fremmøtte som var med oss på feiringen og gjorde festen til den fantastiske markeringen det ble. Takk også for en flott gave på kr. 163.000, og til alle som kjøpte jubileumsbøker.



Fylkesordfører Solveig Ege Tengesdal roste Tryggheims tydelige stemme og brennende engasjement, og påpekte at friskolene er et viktig alternativ og supplement til den offentlige skolen.

Tre gjester med lange Tryggheim-tradisjoner

Noen av gjestene på jubileumsfesten hadde en tilknytning til Tryggheim som går langt tilbake i tid. Vi fikk snakke med tre av dem.

Tekst: Anne-Berit G. Aanestad

Foto: Tårn Helge Helgøy og Anne-Berit G. Aanestad



Sven Faltin Foldøy (foto: privat).



Sven Foldøy benyttet anledningen til å ta bilde av maleriet av farfaren Sven Foldøen.

Sven Faltin Foldøy

Søsknene Berit Synnøve Riska, Gerd Astrid Bolager og Sven Faltin Foldøy er barnebarn av den store initiativtageren til Tryggheim, Sven Foldøen, og hadde alle tatt turen til Nærbø denne dagen. Sven, som er oppkalt etter farfaren sin, kom helt fra Sørreisa i Troms, om ikke akkurat i ens ærend, så i alle fall som et heldig sammentreff i løpet av Rogalandsturen sin.

- Foreldrene mine ville kalle meg Svein, forteller han, men da sa bestefar at hvis meningen er å kalle ham opp etter meg, så må han hete Sven!

Selv om han var bare ni år da farfaren døde, kan Sven Foldøy - som også fikk fornavnet Faltin etter oldefar Foldøen - godt huske ham.

- Vi bodde på Jelsa og bestefar på Finnøy, men han kom ofte på

besøk, og da hadde han alltid med seg litt godsaker til oss. Til 70-årsdagen sin fikk han ca. 750 telegrammer, og mitt siste minne er fra begravelsen hans 16. mai 1953. Det kom motorbåter og skøyter fra hele Ryfylke. Nærmere 800 fikk mat på minnesamværet. Dette gjorde sterkt inntrykk på en liten gutt. Bestefar var nok den rette til å samle inn penger til Tryggheim, som han brant så sterkt for.

Senere i livet har Foldøy lest og studert alt han har kommet over om farfaren, som på folkemunne ble kalt «Ryfylkebispen». Selv gikk Foldøy på Kvitsund, men begge søstrene og foreldrene Gudrun og Fritjof har gått på Tryggheim.

- Far gikk på Tryggheim skoleåret 24-25. Mor gikk fire år senere, sammen med fars lillesøster, Inger. Hun ble med Inger på besøk hjem til Finnøy, der hun traff far. Slik var

det faktisk Tryggheim som førte dem sammen, humrer Foldøy, som også husker at han som ung gutt var til stede på et arrangement på Tryggheim der maleriet av farfaren ble overrakt skolen.

Etter fullført handelsgymnas i Stavanger, fikk Foldøy et års vikariat på Nordborg. Der traff han Oddbjørg fra Sørreisa, og siden har det vært dem. Nå har han bodd i Troms mesteparten av livet, og trives veldig godt med det. Et år som rektor på Nordborg har det også blitt.

Foldøy er veldig glad for at han fikk med seg jubileumsfesten på Tryggheim.

- Det var en fantastisk fest, og kjekt å oppleve at bestefar ble satt pris på – selv om det kanskje ble litt mye fokus på ham, sier ryfylkingen som har gjort nordlending av seg.

Ingegjerd Kvalheim Hauge

Seks år gammel kom Ingegjerd med foreldre og søsken til Tryggheim. Her skulle far, Johannes Kvalheim, være rektor, og familien skulle selvfølgelig bo i rektorboligen på skoleområdet.



Ingegjerd Kvalheim Hauge ved maleriet av sin far Johannes Kvalheim, som var rektor på Tryggheim fra 1956 til 1971. Maleriet er malt av Kari Grasmø, og var en gave til skolen fra lokale givere i anledning jubileet.

- Jeg hører til her, sier hun, og forteller at selv om hun flyttet til Oslo da hun var 20 og nå bor i Stokke, så føler hun seg som en Jærbu.



Ingegjerd Kvalheim Hauge sammen med sin gode barndomsvenn Gunnleif Rettedal, sønn av vaktmester på Tryggheim 1962 - 1980, Ragnvald Rettedal.

- Det er dette som er «hjemme», og jeg må en tur tilbake til Jæren hver eneste sommer!

Ingegjerd forteller videre om en fantastisk barndom og oppvekst i «Tryggheimfamilien», på en dialekt som røper det bergenske opphavet.

- Jeg trivdes veldig godt her blant elevene og de andre lærerbarna. Jeg er så takknemlig for oppveksten min. Vi var jo som en eneste stor familie.

Også hun uttrykker stor entusiasme over festen hun nettopp har fått være med på.

- Jeg er så glad at jeg reiste. Jeg kom hit bare for festen, og når jeg i tillegg har fått se havet, er jeg veldig fornøyd!

Nils Boganæs

Han er akkurat ti år yngre enn Tryggheim, og selv om han ikke gikk på Tryggheim selv, har han sterk tilknytning til skolen. Da Nils Boganæs, som er fra stedet med samme navn, studerte ved Fjellhaug misjonsskole i hovedstaden på slutten av 50-tallet, var han formann i Tryggheimlaget i Oslo. På den tiden fantes det Tryggheimlag som skulle støtte opp om skolen flere steder i landet, og laget i Oslo bestod av bare utflyttede rogalendinger. Han har hatt mye med Tryggheim å gjøre på andre måter også.

- Vi var her jo på påskemøter i ungdommen, og det var etter et møte der ungdomssekretæren i

Stavanger krets, Tore Tungland, talte om at «Det er fullbragt» at jeg fikk ta imot frelsen.

En annen minneverdig dag var da han og kona Sigfrid, som døde for fem år siden, fikk feire bryllupsfesten sin her.

- Det var i 1959. Da var jeg ferdig på Misjonsskolen og hadde vært forlovet med Sigfrid i fem år – på den tiden fikk nemlig ikke studentene lov til å gifte seg før de var ferdige med studiet. Så ble det til gjengjeld feiret stort dobbeltbryllup på Tryggheim, Sigfrids søster giftet seg samtidig.

Ekteparet Boganæs reiste ut som misjonærer til Japan i 1960, og



Nils Boganæs var leder for Tryggheimlaget i Oslo på 50-tallet.

ble der i 17 år. Siden har Nils vært både rektor på Fjelltun og lærer på Fjellhaug.

- Tryggheim har alltid betydd mye for meg, erklærer 90-åringen.

TRYGGHEIM-ELEV ANNO 1937-38

Til våren fyller tidlegare Tryggheim-elev Kamilla Storhaug 100 år. I fjor kunne ho ha vore 80-årsjubilant ved skulen, men jubilarar med så lang fartstid har visstnok aldri møtst på Tryggheim. Vinteren 1937-38 var Kamilla ein av 86 elevar ved det som då heitte Tryggheim ungdomsskule.

Tekst og foto: Bjørg Topnes

- Me hadde det veldig godt på Tryggheim, og me fekk veldig god mat. Eg la på meg to kilo, og ei frå Finnøy la på seg 16 kilo! Ho vart firkanta, skjemtar Kamilla. På internatet måtte me vera inne til ei viss tid – eg trur det var klokka ti, og me fylgde reglane – det kosta ikkje meg noko, det.

Bjerkreimsjenta på Jæren

Ho tek den faste plassen sin i sofaen ved vindauget i huset på Klepp der ho har budd dei siste åra. Me har invitert oss sjølve heim til kvinna som på nokre få månader nær er jamgammal med Tryggheim.

Det innramma skulebiletet frå 1937-38, som har fast plass på veggen i gangen, ligg klart på stovebordet når me kjem. Ei vakker ung kvinne kikkar på oss frå nedre høgje del av biletet.

- Eg er fødd og oppvaksen i Bjerkreim, på Helland, – det kan du vel høyra på dialekten, seier Kamilla.

Me leitar forgjeves etter jærskje innslag i tonefall og uttale, men legg merke til den trillande rulle- en frå før skarre-r-en si tid.

- Det var ei stor forandring for meg å koma til flate Jæren. Her var det ikkje skog, og heime i Bjerkreim var det høge fjell og skogkledde lier.


Men no finn eg meg veldig godt til rette her. Det er den finaste plassen på jord. Her i Kleppekrossen har eg alt eg treng.

Lyst til å læra

- Me var fire frå Bjerkreim som begynte på Tryggheim samstundes, men me visste ikkje om kvarandre. Eg hadde lyst til både å læra og å sjå andre stader. Men eg tykte me fekk mykje lekser. Eigentleg var eg glad då skulen slutta, for eg likte å vera ute i frisk luft. No må eg vera meir forsiktig, så eg ikkje brekker lårhalsen. Eg er veldig takksam for at eg er såpass god som eg er, alderen teke i betraktning.



Kamilla Storhaug var Tryggheim-elev for 81 år sidan



God helse

Det kvite håret rammar inn vakne blåe auge. Den vevre kroppen er kvikk, og replikkane velformulerte og direkte.

- Eg har vore frisk mest heile livet, og dei gode gena har eg arva frå mor mi som vart over nitti år. Og så er det så herleg å bu åleine. Eg kan gjera akkurat som eg vil, liggjia lenge om morgonen eller leggjia meg tidleg, viss eg vil, meiner ho.

Familien består av to søner og ei dotter, barneborn og oldeborn. Sonen i nabohuset gjer innkjøpa for henne. Elles er ho så godt som sjølvhjelp. Strikketøyet er aldri langt unna. Tallause loddepar på ein benk i stova er synberre prov på ei kvinne i full vigør.

Ta vare på kristendommen

- Eg vart med i ei vekking i Bjerkreim. Der var det mange som kom med, men også mange som gjekk i frå igjen. Det var i grunnen difor eg kom til Tryggheim. Eg visste det var ein kristeleg skule. Det var ingen som lokka meg til, eg kom på det heilt sjølv. No trur eg dei sender borna til Tryggheim fordi det er så lite kristendom i den vanlege skulen. Det er feil å ta kristendommen vekk ifrå skulen.

Misforståinga

- Det var Mugås som var styrar då eg var elev, og han hadde ei kone

frå Bjerkreim. Meling hadde me i norsk stil, og eg likte å skriva. Lærarane hadde me eit godt forhold til. Ein gong hadde me misforstått, og då gjekk me heilt til Nærbø stasjon og tilbake igjen etter at me hadde sete på eit møte i timevis. Då vart Wigestrang, som hadde vakt, sint, for han ville ikkje at me skulle ha gått så langt vekk. Eg måtte gå og be om forlating for at eg misforstod, men det var mange som ikkje ville det. Me var ein heil flokk som misforstod.

Ut for å tena

Etter vinteren på Tryggheim måtte ho ut for å tene, for heime var dei seks sysken. Hjøa bonden Lars Storhaug arbeidde ho som jente både ute og inne. Han dyrka 40 mål poteter under krigen og leverte til potetmjølfabrikken.

På skulen på Øksnevad kokte ho middag og vaska i halvanna år, også det under krigen. Der slakta dei dyra sjølv og hadde nok mat.

Også på folkehøgskulen på Klepp hadde ho teneste, med tretti kroner månaden som betaling. Som tjuetåring tok ho husmorskulen på Finnøy. Seinare vart livet på garden travelt med mykje byggeaktivitet.

Sundagsskulen

Fleire sider ved samfunnet i dag opplever ho skremmande. Jødane



Kamilla har strikka eit utal lodder og har framleis eit høgt produksjonsnivå

står henne nær, men nyheitene på fjernsynet fortel om eit aukande jødehat, knivstikking og grov vald. Ho åtvarar ungdommen mot det. Sundagsskulen derimot – den støttar ho trufast, og neste giro ligg klar. Ho siterer ei strofe som ho brukte då svigerinna døyde:
*I dine hender, o Fader blid,
jeg legger nå til evig tid
min sjel og alt jeg er og har,
ta du det alt i ditt forvar.*

Trufast på jubiliansamlingane

Forteljargleda er tydeleg. Bladet Tryggheimhelsing har ho halde og lese gjennom alle år. Når ho får den nyaste jubileumsboka i hende, vert ho svært glad.

- Alt er så forandra på Tryggheim. Ingen ting er likt som då eg gjekk. Eg blei skuffa over at huset me budde i, er rive. Men det er veldig gildt å fylgja med, og eg har vore på alle jubiliansamlingane opp gjennom åra. Me var ikkje mange 70-årsjubilarantar i 2008, for mange hadde gått bort.

Den kvikke kvinna er no einaste attlevande av dei fire frå Bjerkreim som gjekk på Tryggheim eit par år før krigen, og me er svært takksame for å ha møtt henne som på nokre få månader nær, har vore til like lenge som skulen.

Tryggheimkalender

DESEMBER

Tors. 19. Julefest
Fre. 20. Siste skoledag før jul
(halv dag)

JANUAR

Man. 6. Første skoledag etter jul
Fre. 17. Slutt 1. halvår
Man. 20. Start 2. halvår

FEBRUAR

Tirs. 18. - fre. 21. Leirskole VG1
(ST og EL)
Man. 24. - fre. 28. Vinterferie

MARS

Tirs. 3. – fre. 6. Leirskole VG1
(BA og HO)
Ons. 4. og lør. 7. Tryggheimbasar
Lør. 7. Foreldresamtaler



POSTLUDIUM

Strengt tatt fint

Tekst og foto: Knut Handeland

Den vakne lesaren har med stigande spaning, undring, kunnskap og visdom fått med seg fylgjetongen om Tryggheim-flygelet si musikalske kontinentaldrift. Det har vore lite nytt å melde i det siste, men no er ventetida over. Sit du der med hendene nedi ostepop-posen, vil eg be deg vaske hendene før du les vidare. Me tek ikkje sjansen på at feittflekkane smittar gjennom eteren til det heimkomne klenodiet. Vårt ein gong så slitne flygel, som har streva seg gjennom tallause songboksongar på 80-90-talet, til det nesten utvikla sjølvspelende pianola-eigenskapar til Navnet Jesus og Kor stort min Gud, til meir lettspelte, mindre substansielle repetisjonsøvingar utover 2000-talet, har vendt attende i transformert og herleggjort skapnad. Sjølv tonedauve klamphoggarar må erkjenne at det me ser er industriestetikk for vidarekomne, eit syn med potensial



Før overhaling

i seg sjølv til å setje i gong ein ny EU-debatt. Lyset gjev gjenskin som marssol på frosne fenner i den tjukkswarte polyesterlakken, og dei polerte messingdetaljane blenkjer så ein middels gardemusikant ville spontandesertert i pur mindreverds skjensle. Synet får elles stabile personlegdomar på mellomleiar nivå til å testkøyre tårekanalane, og før- og etterbileta talar sitt tydelege språk om at sjølv dei mest dehydrerte finn grunn til å bli blanke i augo. Leiinga undersøker no om det finst tilsvarende overhalingsordningar for tilsette.



Nypolert clutch, brems og gass



Nye heilårsdekk



Etter overhaling

Visste du at..?

Henriette Steinkjellå (ST 16-19) og **Sven Seldal** (PB 18-19) giftet seg 3. august.

Ester Matningsdal (HE/PB 12-14) og Glenn André Frøyland giftet seg 12. oktober.

Miriam (Espevik) Ydstebø (SH 92-94) gikk av som ordfører på Kvitsøy i høst etter åtte år i ordførerstolen. Hun blir nå kalt «gamleordføreren på Kvitsøy».

Erik Espedal Boge (lærer Tryggheim vgs) er medlem av læreplangruppa for programfaget Matematikk x.

Rebekka (Ree) Slettebø (BU/PB 12-14) vant årets utgave av Symesterskapet som gikk på NRK i høst. 80-tallsbrudekjolen hun sydde om i finalen var den av tre kjoler den kjente idrettsutøveren Birgit Skarstein likte best, og som dermed sikret Rebekka seieren i det 16. programmet i serien som startet med ti deltagere.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Pølser, politikk og plusshus – vellykka tur for elektroelevar

Sokndal-ordfører Jonas Andersen Sayed heldt foredrag på Lunden leir- og fritidssenter.



Kort, tettpakka, lærerik og god stemning tur-retur er ord som kan oppsummere inspirasjonsturen til Sokndal for 36 elevar og seks tilsette. Dalaneregionen bydde på mykje godt innhald, så 23 timar blei nesten for lite til å fordøye alt, inkludert åtte kg grilla pølser frå Jæder.

Tekst: Knut Handeland
Foto: Tårn Helge Helgøy og Knut Handeland

Me blei ønskt varmt velkommen til Sokndal kommune av dåverande ordførar Trond Arne Pedersen. Han viste oss den historisk ladestaden Sogndalstrand med sine freda trebygningar før det bar til fjells på Lunden leir- og fritidssenter, ein nyleg oppussa, svært triveleg leirstad kløktig plassert utanfor mobildekning. Der blei det grilling, gymsal og Hans Nielsen Hauge-læringsøkt, før kveldens hovudgjest



Elektroelevarne såg plusshuset til Marius Saurdal i Sokndal.

entra scenen; påtroppande ordførar Jonas Andersen Sayed, rekordinnehavar som landets yngste i vervet. Han fortalde om sitt samfunnsengasjement og om drivkrefter knytt til si kristne tru og det meningsfulle i å kunne bety noko for andre gjennom engasjementet i lokalsamfunnet. Elevane let seg fenge av både form og innhald, og følgde opp med mange spørsmål.

Etter brutalt få timar søvn venta ein sjokade-basert hotellfrukost før me, som elevane uttrykte det: «søkte dekning» nedover dalen. Jubelen stod i busstaket då dei første 4G-signala stolpa seg inn i skjermkråa, og det plinga ei digital haglskur oppmagasinert i SoMe-sfæren.

Første besøk var hos plusshusbygger Marius Saurdal. Han er 21 år og bygger eit hus som er meir enn sjølvforsynt med grøn energi via solceller, solfangarar og vindturbinar med el-bilbatteri som energimagasin. Overskotsenergi

kan seljast på straumnettet eller i nabolaget. Elektroelevane fekk ein leksjon i kreativ utnytting av teknologi og samkøyring av ulike system.

Ettermiddagen brukte me i Egersund, der prosjektdirektør i Jutland Invest, Einar Rune Vinningland, fortalde om innovasjonstenking og berekraft i det landbaserte oppdrettsprosjektet dei planlegg. Han var svært optimistisk på vegne av elevane, med tanke på fagleg spenning og framtidige jobbutsikter i elektrobransjen.

Til slutt blei turen krona med eit besøk på Westcontrol Robertsens, eit tradisjonsrikt, digitalt mangesysleri som sjølv kallar seg eit systemhus som tek på seg å realisere idear der elektronikk står sentralt.

Den komprimerte dannelsereisa tok slutt under eit døgn etter oppstart, men dei gode verknadene vil vare mykje lenger.

GRÜNDERSPIRER PÅ UNGDOMSSKULEN

Visste du at Tryggheim ungdomsskule har både daglege leiingar, designarar, handverkarar og økonomar blant elevane?

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Det er ikkje berre på vidaregåande at elevstarta bedrifter blomstrar opp og gjer seg bemerkte. På ungdomsskulen har elevane i to tiandeklassar denne hausten oppretta og drive til saman ni ulike bedrifter. Lærarane fungerer berre som rettleiarar, det er elevane som er tilsette og ansvarlege for drifta.

Ikkje tull med tomme tønner

«Mindre kast i kvardagen» var eit felles utgangspunkt for bedriftene, eit tema som kom fram på ulikt vis. Nokre bedrifter nytta seg berre av naturlege produkt, andre laga produkt av overskotsmateriell, hadde pant på emballasjen eller baserte seg på kortreiste produkt. Ei av bedriftene satsa på å gjera brukte oljefat - tønner - om til møblar. Fem gutar står bak sistnemnde, «Tønna EB».

- Me laga til saman tre stolar og eitt bord. Oljefata fekk me frå ei nabobedrift, og mesteparten av dei andre materiala har me fått tak i gratis frå ulike stader. Det var i grunnen berre listene som kosta oss pengar, seier Erlend Stokka. Dei andre karane bak bedrifta er raske med å understreka at dei likevel har brukt mykje tid på prosjektet. Særleg vasking av tønnene var krevjande, noko som sjølvsgatt også skulle skje på miljøvenleg og berekraftig vis.

Elevane har arbeidd med prosjektet

i forskjellige timar no og då, og hadde også ei heil veke sett av til drift og produksjon, der siste dagen gjekk til presentasjon på messe og foredrag om bedriftene og produkta.

Fag på langs og på tvers

Det er lærarane Erik Aleksander Aarmo og Marie Eggebø Stokke som har drege i gang prosjektet på ungdomsskulen. Dei understrekar at ei elevbedrift er forskjellig frå ungdomsbedriftene ein har på vidaregåande. Det er færre krav, lågare terskel og enklare å gjennomføra. Ikkje minst er det mindre risiko og ansvar for elevane.

- I eit prosjekt som dette finn me element frå mange ulike fag. Elevane må skriva søknad og CV, og lærer seg samarbeid gjennom å innta ulike rollar. Undervegs og etterpå må dei føre rekneskap og drive marknadsføring. Dei må skrive, ta bilete, utforme produkt og lage logo. Dette er morgondagens verksemdsleiarar som får prøvd seg for første gong, fortel Erik.

- Elevane har generelt vore svært godt nøgde, og har vist stort engasjement. Dei viser større deltaking enn i andre gruppearbeid. Alle får sine oppgåver som skal gjennomførast. Dei lærte også noko om seg sjølv og korleis dei arbeider. Nokre elevar som du ikkje ser så godt andre gonger,



Hjernane bak Tønna EB framfor hovudproduktet – ein stol laga av eit brukt oljefat. Frå venstre: Kristian Watland, Mattias Time, Stian Tysse, Noah Høyland og Erlend Stokka.

fekk blomstra, og nye relasjonar vart danna. I det store og heile eit vellukka prosjekt, seier Marie.

Arbeid «på skikkeleg»

Gutane i Tønna EB er samde i at elevbedrifter er ein type prosjekt som også kan gjennomførast andre år.

- Dette anbefaler me på høgt nivå. Det er fint å arbeida meir praktisk og kreativt. I tillegg lærer me å arbeida «på skikkeleg». For eksempel vart det ein heilt ny måte å rekna matte på, både med måling og berekning av sjølve møblane, men også då me skulle laga rekneskap, seier gutane, som meiner at dei ikkje møtte på ei einaste utfordring undervegs. Berre ein av stolane frå Tønna EB er framleis ikkje seld, noko det truleg blir ei endring på etter dette oppslaget i Tryggheimhelsing. Til informasjon er prisen per stol på godt over tusenlappen.

Nyansatte på ungdomsskulen

Spørsmål:

1. Oppvekst og noverande bustad
2. Sivilstand/familie
3. Tittel på Tryggheim
4. Arbeidsoppgåver
5. Favorittmat
6. Interesser
7. Oppteiken av/brenn for
8. Noko anna folk bør vite om deg



Siri Jacobsen, 25

1. Oppvaksten i Flekkefjord og busett i Egersund
2. Ugift
3. Lektor
4. Underviser hovudsakleg i fransk og engelsk
5. Indisk
6. Fotball, trening, språkforskning
8. Alma mater: Universitetet i Agder. Uteksaminert våren 2019



Solveig Nedrum, 34

1. Eg har budd i Paris som barn fordi foreldra mine Ingvald og Turid Ekeland var misjonærer der for NMS. Då eg var åtte år, flytta familien til Tonstad.
2. Gift med Alwin, og har to jenter og ein gut.
3. Lærer
4. Mat og helse, KRL og valfaget Girlpower.
5. Er det lov å seie pannekaker?
6. Kunst, snowboard, miljøvern, enkel livsstil/minimalisme
7. Redesign, og gjenbruk. Drøymer om ei meir rettferdig fordeling i av ressursane i verda.
8. I sommar flytta me til Nærbo etter sju år i Vesterålen.



Arne Ege, 55

1. Frå Bryne, tidlegare bankmann og gardbrukar. Bur no i byggefelt på Nærbo.
2. Gift med Irene, 3 vaksne ungar, fosterfar til fleire
3. Miljøarbeidar
4. Laga godt miljø, særleg for nokre einskildelevar.
5. Biff, men det får eg sjeldan, for kona vil ikkje ha det.
6. Innvandrarbeid, er mykje på Nærland og på den internasjonale kafeen på Nærbo. Dessutan har me mange venner frå andre land.
7. At innvandrarak skal få bli ein del av samfunnet. At me som er norske skal innsjå kor godt me har det.

Leiarhjørnet

Tekst: Tron-Arild Grødum

2019 har vore eit festår på Tryggheim skular. Arrangementa har kome på rekkje og rad frå januar til og med oktober. Den gode stemninga, takksemda og gleda har ikkje lagt seg før ein har ynskt velkomen til eit nytt arrangement. Godorda og engasjementet har vore stort, og eg har kunna gått heim frå kveldane med takk og ny inspirasjon til det viktige arbeidet som blir gjort på

Tryggheim og dei andre kristne friskulane i landet. Oppdraget me har fått, skal me halda høgt. Me står saman i ei teneste for Gud. Vår skapar og Frelsar.

Eg opplever at eg er privilegert. Eg har ein svært meningsfull arbeidsplass med flotte elevar, foreldre og tilsette.

Denne hausten har heile personalet på Tryggheim ungdomsskule fått opplæring i **Smart kompetanse**. Dette er eit utviklingsarbeid som gjev oss fleire reiskapar for å skapa eit betre oppvekst og skulemiljø.

Me opplever at me bur i eit land med høg materiell velstand – men likevel slit mange ungdommar med einsemd, stress, mobbing og depresjon.

Tradisjonelt har samfunnet brukt store summer til å reparera i staden for å førebyggja. Ein har hatt fokus på problem i staden for å setja fokus på kva som gjev menneske livsmot.

Bjarne Kvam, som var rektor på NLA i fleire år, sa det slik: « **Det du gir merksemd, gir deg kraft.** » Me opplever at det er sanne og kloke ord.

**Jacob Zielinski Grastveit, 25**

1. Ålgård
2. Godt gift og to barn, så langt...
3. Lærer
4. Naturfag, matematikk, musikk
5. Sushi
6. Foreløpig er hobbyen min å ha to barn. Øvrige interesser, som jeg ikke får tid til; landeveissykling, dataspill og sofatid.
7. Lovsang og læreryrket
8. Jeg er omtrent 1/16 polsk, 7/16 dansk, 1/8 spansk og 3/8 filippinsk, sånn ca.

**Johanna Persson, 25 år**

1. Vaks opp på Nærbø, bur no på Varhaug
2. Gift med Joachim Persson
3. Kontaktlærer
4. Matematikk, musikk, mat og helse
5. Pizza
6. Song, musikk, fotball, handball, matlaging
7. Jesus, god mat og godt lag
8. Har denne hausten starta med «Funkygine-trening», noko som kjennest godt i føter og armar.

**Miriam Piri McNicol, 37**

1. Verdalen, Kåsen
2. Gift med ei tidlegare operastjerne. Har to unike jenter på 6 og 8 år.
3. Adjunkt. Mrs McNicol. Hu løgna. You name it!
4. Kroppsøving og engelsk
5. «Thai biff salad, made by my husband»
6. Halde ro og orden i heimen, henge med venner, sjå på koreanske tv-program, brettspel
7. Å ha ein open heim med mykje varme
8. Eg likar ikkje overraskingar

**Tonny Kristin Espeland, 26**

1. Frå gard på Vadland. Bur no i hus i feltet på Vigrestad.
2. Gift med Kjetil og mor til Johannes på åtte månader
3. Verdast beste lærar

4. Lærer i samfunnsfag, engelsk og norsk
5. Biff med ulikt tilbehør
6. Vere med familien, strikking, lesing, sjå på sport
7. At alle skal bli sett

Eit ordtak seier: «Det hjarta er fullt av – det talar munnen.» Det som kjem ut av eit menneske, avdekkjer det som er på innsida. Det du og eg tenkjer, det er med på å bestemma kven me er, det formar vårt indre liv og det gjev grunnlag for orda me seier. Korleis snakkar eg og kva let eg få forma meg?

Me ynskjer å setja fokus på karaktereigenskapar hjå elevane og personalet. Ord som: *Omsorg, tolmod, å ta ansvar, mot, sjølvkontroll, å vera hjelpsam, samarbeid, å halda ut, respekt, takksemd, sjølvtilit,*

målretta, menneskesyn, ærlegdom, integritet, humor, læringsglede, å vera nysgjerrig, kreativitet og leiareigenskapar.

Eigenskapane ovanfor ynskjer me skal vera med på å prega elevane og personalet vårt. Me vil at dei skal vera med på å gje elevane mot til å leva. Krefter til å møta livet - både dei gode og dei mindre gode dagane.



Tron-Arild Grødum

Borrelås fungerer ikkje på brurekjole. Det må syast.

Mot rikare mål og tråd

Rebekka Slettebø stadfester at øving gjer meister. Ho starta tidleg og brenn for sying og redesign, og stoffbruken førte – som mange har fått med seg - til siger i NRK-konkurransen Symesterskapet. Den raude tråden i redesign er at det meste av stoff kan omgjerast til nesten kva som helst, og det gir idear så den travle meisterinna syr det reimer og tøy kan halda. Med hjarte for sosialt entreprenørskap tøy ho og strikken, og strikkar om nødvendig når nettene blir lange. Me tråkla nesten sting på oss for å få eit intervju, og har nøsta litt i dei nå(!)levande interessene hennar.

Tekst & tekstil: Knut Handeland og Rebekka Slettebø
Foto: NRK

Kva utdanningsprogram gjekk du på?

Første året mitt på vidaregåande tok eg design og handverk (ikkje Tryggheim). Eg gjekk vidare på barne- og ungdomsarbeidarlinja det andre året og tok påbygg, begge på Tryggheim.

Korleis fekk du interesse for handarbeid og redesign?

Eg har alltid vore ei kreativ sjel. Kledde meg mykje ut som liten, og har alltid hatt stor interesse for klede. Då eg var rundt åtte år teikna eg klede, og begynte å sy pappas gamle skjorter og t-skjorter om til kjolar og bluser. Som 13-åring laga eg også min eigen youtube-kanal

kor eg la ut filmar av alt eg lagde, samtidig som eg lærte å sy av andre på youtube undervegs. Eg brukte gamle plagg og sengetøy då eg begynte å sy, slik at eg slapp ut og kjøpe. Eg laga for eksempel min første brudekjole av eit gammalt laken.

Lever du av hobbyen nå, eller er det den solide utdanninga frå Tryggheim som skaffar mat på bordet?

Eg er utdanna sosionom og jobbar i 64 % stilling som miljøterapeut, og resten jobbar eg med å sy brudekjolar og dåpskjolar på bestilling. Målet mitt er å leve fullt av design og saum frå neste haust. Det trur eg er mogleg, då eg har fått ein god start.

Undersøkingar viser at elevar ikkje opplever å få utvikle kreativiteten sin på skulen. Kva med deg?

Eg har nok utvikla mest av kreativiteten min på heimebane, men var også opptatt av å gjere ein innsats med å tenke kreativt på skulen i alle oppgaver der det var mogeleg. I oppgaver me fekk utlevert, tenkte eg ofte: "Korleis kan dette bli ei kreativ og kjekk oppgave?" Eg valde kåseri framfor analyse og lagde film framfor powerpoint-presentasjon dersom eg fekk lov. Eg lagde song til ei norskoppgåve, hugsar eg, og sydde skjørt i kunst- og handverksfaget. Eg trur faktisk skulen la opp til at me kunne vere kreative, men det handlar og om at eleven vel ei kreativ løysing. Det er jo det kreativitet handlar om - for å utvikle kreativiteten må ein leite etter måtar ein kan gjere det på.



Birgit Skarstein gratulerer Rebekka med sigeren



Dei involverte samle rundt vinnaren

Har du eventuelt tankar om kva vidaregåande skule kan gjere for å få kreativiteten hos elevane til å blomstre?

Eg trur at ei oppgåve bør kunne løysast på alternative måtar, ved at ein for eksempel kan velje korleis ein ønsker å presentere henne. Då får elevar som ønsker å utvikle kreativiteten sin høve til det.

Du er jo gründar; kva eigenskapar tenkjer du skal til for å lukkast?

Eg veit ikkje om eg lukkast enda med å kunne leve fullt ut av saum og design, men eg trur eg skal klare det. Eg trur kanskje det også er noko av det viktigaste ein må ha med seg for å kunne lukkast; tru på at ein klarar det. I tillegg trur eg ein må vere villig til å jobbe veldig hardt, i alle fall i ein oppstartsfase. Eg trur det vil vere vanskeleg å lukkast som grunder dersom ein ikkje driv med noko ein verkeleg elsker. Ein treng ei indre drivkraft som hjelper i tider det ser vanskeleg og mørkt ut, slik at ein ikkje gir opp. Eg trur og det er veldig viktig å vere innstilt på at

ein må investere både tid, pengar og kanskje ein god del tankekøyr. Viktigast av alt tenker eg; ikkje gi opp!

Du er og sosial entreprenør i Kambodsja, kva er det mest meiningsfulle med det?

Det mest meiningsfulle med prosjektet eg driv i Kambodsja, handlar om å vere med på å sette menneske i stand til å leve av eit verdig og godt handarbeid på eiga hand. Det er og meiningsfullt for meg å selje kleda i Norge, slik at jentene som syr, får rette og gode løningar. Prosjektet er ein motkultur til dagens fabrikkar og klesindustri.

Kva er det mest keisame plagget, både hos menn og kvinner, det som mest av alt kunne trengt ei kreativ oppgradering?

Hmm, det var litt vanskeleg, synest eg. Kanskje dagens slips hos mannfolk ofte er litt kjedelege. Her synest eg kanskje det hadde vore gøy å bruke mykje meir fargar, blomar, prikkar og spennande

mønster. For kvinner synest eg det er så utruleg mange ulike plagg, at eg kjem rett og slett ikkje på noko som kunne trengt oppgradering.

Kan du strikke og, eller er det «all-in» med symaskinen?

Eg strikkar ein del på nattevakter, men føretrekk alltid å sy. Det går litt for treigt å strikke, men det er godt å ha noko i hendene på jobb.

Viss Tryggheim skal innføre skuleuniformer, tek du designoppdraget?

Det kunne jo vore ei spennande oppgåve, noko heilt utanom det eg vanlegvis gjer. Eg ville i alle fall vurdert det!

Kva er draumeoppdraget ditt i den globale design- og tekstilverda?

Draumeoppdraget mitt må vere å få laga ein gallakjole til ein raud løpar. Det har eg alltid drøymt om, og håpar det ein dag vil by seg eit høve.

Vinnarar av skrivekonkurransen NLMvgs 2019

NLMvgs skrivekonkurransen 2019 gjekk føre seg i vår, og me får endeleg høve til å presentera vinnarane i Tryggheimhelsing. Også i år vart det to jenter frå Tryggheim som stakk av med premiane. Liv Maria Aase og Hanna Jess Tjøstheim, som begge fullførte 3ST i vår, leverte dei beste bidraga. Me gratulerer!

Totalt var det elevar frå seks NLMvgs-skular som tok del i konkurransen som Sygna vgs arrangerte. Me vil seia takk til alle Tryggheim-elevar som leverte inn bidrag om temaet «Verkeleg fri?».

Her presenterer me vinnarteksten til Hanna. Liv Maria sin vinnartekst kjem i neste nummer av Tryggheimhelsing.

Tekst: Bjørg Topnes

EN PINGLES DAGBOK

Av Hanna Tjøstheim,
Tryggheim-elev 2016-2019

Tastende fingertupper vandrer over tastaturet i et jevnt tempo. *Tap, tap, tap*. Snart 500 ord. Jeg skriver videre. 550, 600, og nå 700 ord. Jeg ønsker å påvirke, overbevise, å bruke min stemme til å ytre mine meninger. Jeg skriver videre. Etter litt stopper fingrene å drive den gjenkjennbare, autonome bevegelsen som gjør bokstaver om til ord. Et spørsmål dukker stadig opp i hodet: *Tør jeg? Tør jeg publisere noe som kan vekke sterke reaksjoner og muligens føre til trusler eller hatkommentarer?* Dette er spørsmålet som hindrer meg i å skrive ferdig.

«Enhver har rett til ytringsfrihet. Denne rett skal omfatte frihet til

å ha meninger og til å motta og meddele opplysninger og ideer uten inngrep av offentlig myndighet og uten hensyn til grenser.» Slik lyder Art. 10 Ytringsfrihet i menneskerettsloven. Likevel unnlater folk å trykke eller si det de mener av frykt for å bli misforstått, latterliggjort eller bli utsatt for personangrep. En stor del av debatter og diskusjoner foregår i dag på nett, og stadig flere steder kan vi finne eksempler på både offentlige og anonyme profiler som driver netthets. Vi kan da lure på om ytringsfriheten i Norge er truet, og om vi egentlig har en slik fullstendig ytringsfrihet som omtales i loven.

For å svare på dette, bør vi først se på hvilke begrensninger av ytringsfriheten som er fastsatt i loven. Ytringsfrihet er den friheten mennesker har til å ytre seg ved å gi uttrykk for det de mener og ønsker å si noe om. Retten er ikke absolutt, men har flere lovfestede begrensninger. Det er blant annet forbud mot å fremme trusler, trakassering og ærekrenkelser. Likevel vil nok de fleste si seg enig i at vi i Norge stort sett kan ytre hva vi ønsker, med hensyn til hva som er lovfestet.

«Dersom frihet betyr noe som helst, betyr det retten til å fortelle mennesker det de ikke ønsker å høre», sa George Orwell i boka



Hanna Jess Tjøstheim var ein av vinnarane i skrivekonkurransen 2019
Foto: Tårn Helge Helgøy

Some Materials for a Bibliography (1953). Flere vil kanskje si seg enig i Orwells påstand. Likevel finner vi titt og ofte eksempler på folk som opplever netthets etter å ha ytret sin mening. Flere politikere, blant annet stortingsrepresentant Sandra Borch «frykter hatytringer hindrer unge i å engasjere seg politisk». Et eksempel på dette finner vi på framtida.no hvor Ali Hamza (18) uttaler at han vurderte å slutte å engasjere seg på grunn av netthets som følge av et debattinnlegg han skrev, med tittelen «Eg e svart, eg e muslim og eg e norsk». For selv om ytringsfriheten på dette feltet ikke er begrenset av lov, lever vi likevel i et samfunn som i seg selv hindrer folk i å ytre sine meninger.

Vi kan da lure på hva det er som gjør at en gift 53 år gammel kvinne med to barn, en helt ordinær medisinstudent, eller en bestefar på 70 år, omformes til nettrull. Disse helt ordinære menneskene er med på å svekke nordmenns ytringsfrihet. En mann som i årevis har trakassert norske kvinner på nett, den såkalte «Edderkoppen»,



Illustrasjon

uttalte: «Når jeg blir revet med, blir jeg veldig manipulativ på nett. Jeg vokste selv ved å trække på andre. Det ble en ekstrem form for mobbing, plaging og hets.»

Det er tydelig at reglene for hvordan man behandler andre på nett, ikke er de samme som når man møter mennesker ansikt til ansikt, og at folk har vanskeligheter med å se hvilke konsekvenser disse ytringene kan få for andre mennesker. Ikke bare er nettet en arena som gjør folk lettere tilgjengelige, men man har også mange muligheter til å være anonym. I tillegg er det til tider en større aksept for hets på nett, sammenliknet med en samtale ansikt til ansikt.

En undersøkelse fra Amnesty International viser at hele 78 % av de kvinnelige politikerne som har opplevd netthets, sier at hetsen har hatt konsekvenser for dem. For mange har det ført til både konsentrasjonsvansker og dårlig selvtillit. Videre viser en annen undersøkelse fra 2016 at 15 %


av barn mellom 9 og 16 år har blitt utsatt for netthets. Da er det kanskje ikke så rart at mange unge stemmer i stedet velger å forbli tause, i frykt for hvilke reaksjoner som kan komme.

Det er stadig snakk om hvilke tiltak som kan iverksettes for å redusere netthets. Om dette er tiltak som funker i praksis, er spørsmålet som er avgjørende. Undersøkelser viser høye nummer på antall mennesker som utsettes for netthets. Det er kanskje derfor ikke for bastant å si at netthets i dagens samfunn er kommet for å bli.

Tap, tap, tap. Jeg skriver litt videre. 800 ord. Og enda litt til. Er jeg modig nok? Den fornuftige delen av meg er klar over at ytringsfriheten bare vil bli svekket ytterligere dersom andres reaksjoner hindrer meg i å publisere. Med skjelvende fingre tar jeg et standpunkt, og trykker på knappen. *Innlegget ditt har blitt publisert.*

Redaksjonen har kjeldelista.

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Nøgde brukarar og venteliste i Tryggheim barnehage

Tryggheim barnehage fyller 40 år og kan glede seg over fulle hus kvart einaste år.

Tekst og foto: Henrik Foss

- Vi har 75 ungar innom i løpet av veka. Vi tilbyr delte plassar i barnehagen, noko som vil seie at vi har mindre enn 75 barn per dag, seier styrar Svanhild Taksdal Søiland 40 år etter at barnehagen blei starta.

Barnehagen oppstod fordi Tryggheim folkehøgskule hadde ei eiga barnehageassistent-linje, der elevane hadde praksis. I 1979 opna barnehagen i delar av undervisnings- og internatbygget Austheim på skuleområdet.

- Vi starta som ein korttidsbarnehage. Men samfunnet endra seg, og foreldre ønskte eit utvida tilbod. Tidleg på 2000-talet kom ideen om å bygge ein ny barnehage, fortel Søiland.

For 13 år sidan flytta barnehagen ut av skuleområdet. Då stod eit nytt og eige bygg klart på nabotomta. Søiland meiner at satsinga var riktig.

- Vi sleit med å fylle plassane då barnehagen berre kunne gje eit kortidstilbod. Etter at vi bygde, har

vi ikkje hatt vanskar med å fylle plassane. Barnehagen gjer det godt på brukarundersøkingar og har venteliste, seier styraren.

Sjølv om barnehagen kunne utvida, meiner Søiland at barnehagen er lukkeleg som liten.

- Eg trur at både ungar – og spesielt foreldre – er nøgde med at vi ikkje er ein stor barnehage. Vi har ein grei og oversiktleg barnehage, der det er enkelt for foreldra å finne ungane sine når dei kjem for å hente dei, seier Søiland.

Sjølv om ikkje barnehagen er ein del av Tryggheim skular lenger – slik han var før 2006 – har barnehagen eit godt samarbeid med både ungdomsskulen og vidaregåande.

- Vi låner gymsalen og andre lokale. I tillegg har vi elevar frå både vidaregåande og ungdomsskulen i praksis hos oss, fortel Søiland.

Ho rosar ikkje berre Tryggheim skular, men også Nærbø Misjonsforsamling, for godt samarbeid.

- Ungane syng mellom anna



Tilsette i Tryggheim barnehage. F. v.: Valdis Moi Eltervåg, Stine Terese Erga, Svanhild Taksdal Søiland og Kari Obrestad Gravdal.



på ei barneveke i regi av misjonsforsamlinga i løpet av året. Medlemmar av misjonsforsamlinga kjem også til barnehagen og deler ut roser til foreldra, i tillegg til at dei hugsar på barnehagen i bønn. Det er godt å vite, seier Søiland.

Tryggheim barnehage er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband og er ein del av NLM-barnehagene AS.

Vi ønsker alle ei velsigna jul og eit godt nytt år!

